



Til  
Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Nærings- og kulturavdelinga  
v/ Fylkesdirektør Jan Heggheim

Førde, 17.09.2019

Kopi  
Sogn og Fjordane fylkeskommune  
v/ Fylkesordfører Jenny Følling

## **SØKNAD OM FRIE FYLKESKOMMUNALE MIDLAR NORGESCUP I LANGRENN, 14.-16. FEBRUAR 2020 - LANGELAND SKISENTER**

**Førde IL Langrenn er tildelt Norgescup i langrenn for seniorar 14.-16. februar 2020. Arrangementet skal gå av stabelen ved Langeland Skisenter i Gaular kommune/ Sunnfjord kommune.**

### **Søknadssum**

I samband med arrangementet søker **Førde IL Langrenn** og **Langeland Skisenter** fylkeskommunen om kr. 200 000,- i økonomisk støtte.

### **Nøkkeltal**

- Sum kostnader;	kr. 1 130 500,-
• Kostnader utbedring av løyper;	kr. 300 000,-
• Oppgradering/ leige av tidtakarutstyr;	kr. 70 000,-
• Teknisk infrastruktur;	kr. 100 000,-
• Investering i nytt lydanlegg;	kr. 120 000,-
• Snøproduksjon	kr. 105 000,-
• Funksjonærarbeid (dugnad)	kr. 228 000,-
- Sum inntekter;	kr. 1 130 500,-
• Sparebankstiftinga;	kr. 100 000,-
• Marked/ sponsor;	kr. 50 000,-
• Parkering	kr. 105 000,-
• Gåver/ gratis arbeid funksjonærer;	kr. 228 000,-

Ein søker særskilt om støtte til utbedring av løypenett, oppgradering/ leige av tidtakarutstyr, oppgradering av teknisk infrastruktur, nytt lydanlegg til skisenteret samt støtte til produksjon av kunstsnø.



Sjå budsjett for meir informasjon om arrangementet sitt talgrunnlag.

### **Bakgrunn**

Førde IL Langrenn er fylkets største langrennsklubb, og i 2020 fyller Førde IL 100 år. Med dette som bakgrunn vart det for ei tid tilbake fremma eit ynskje om at langrennsgruppa skulle søkje om å arrangere Norgescup. Eit arrangement som ev. skulle vere ein del av idrettslaget si markering av jubileet.

Søknad vart sendt Norges Skiforbund i september i 2018, og i mai 2019 vart Førde IL tildelt arrangementet.

Arrangementet vil samle nærare 300 av norges beste langrennsutøvarar i begge kjønn til tre dagar med konkurransar.

Tilsaman vil i overkant av 800 personar (løparar, støtteapparat, funksjonærar og publikum) vere tilstades på Langeland kvar dag i samband med norgescupen.

Vidare har ein behov for nærare 100 funksjonærar som stiller på dugnad alle tre konkurransedagane.

Av erfaring frå andre arrangørar av Norgescup er det ikkje forventa noko økonomisk overskot, men ein håpar å gå i balanse økonomisk.

### **Langeland Skisenter**

I samband med arrangementet vert det stilt særskilte krav til m.a. løypelengder, løypeprofilar, og løypebreidde. Dette medfører at Langeland Skisenter må utbedre delar av løypenettet slik at ein stettar Norges Skiforbund og FIS (det internasjonale skiforbundet) sine krav til denne type arrangement.

Dette arbeidet er avgjerande for at ein skal kunne avvikle arrangementet, men vel så viktig for Førde IL Langrenn er etterbruken, då oppgraderinga av anlegget vil komme alle skiinteresserte til gode i mange år framover. Utbedringa vil gjere skisenteret endå meir attraktivt for born og unge, mosjonistar samt aktive konkurranseutøvarar.

Kostnaden med oppgraderinga av anlegget er budsjettert til kr. 300 000,-.

Vedlagt er grunnlag som viser utbedringane.

I samband med arrangementet må ein også investere i nytt lydanlegg. Stipulert kostnad for nytt lydanlegg er kr. 120 000,-.

Elles har klimaendringane påverka vintersesongane ved Langeland Skisenter dei siste 10 åra. Auka temperaturar har ført til mindre naturleg snø, noko som gjer kunstig snøproduksjon meir relevant enn nokon gang.

For å sikre best mogleg snøtilhøve i samband med arrangementet har skisenteret planlagt å produsere meir snø enn det ein vanlegvis gjere. I periodar med gunstige temperaturar vil snøproduksjonen foregå heile døgnet, slik at ein sikrar ein trasè på 3,75 km med kunstsnø.



Dvs. at det skal produserast ca. 9000 m<sup>3</sup> med snø til arrangementet. Dette har ein driftskostnad på ca. kr. 105 000,-.

### **Førde IL Langrenn**

Førde IL Langrenn har god erfaring og kompetanse i avvikling av lokale- og regionale langrennsarrangement.

Det er allereie lagt ned eit betydeleg tal dugnadstimar med førebuingar ifbm. Norgescupen. Arbeidet fram mot arrangementet vil tilføre langrennsgruppa ei uvurderlig kompetanseheving i høve til avvikling av arrangement, drift av gruppa, mediekontakt, marknadsarbeid, teamarbeid og dugnad.

Den generelle økonomien til Førde IL Langrenn er sunn og god, men vi ser at dette arrangementet vil krevje særleg god økonomistyring. Norges Skiforbund «eig» Norgescupen, og det er difor lagt store avgrensingar på Førde IL Langrenn i høve til å hente inn markedsinntekter. Difor er ein avhengig av anna type økonomisk støtte, t.d. støtte frå fylkeskommunen.

Langrenn konkurrerer i dag med mange idretter når det gjeld rekruttering og det er å håpe at desse dagene med konkurransar vil få fleire til å både begynne med langrenn, men også å halde fram med sporten inn i senioralder. (Vi veit sjølvsagt at det viktigaste er å vere i aktivitet, uansett idrett).

Vi meiner og at dette arrangementet vil stimulere den vanlege mosjonist og turgåar til å ta skia fatt. Løypene ligg der, fine og velpreparerte.

### **Å vise fram Førde, Sunnfjord, Sogn og Fjordane og Vestland**

I Norges Skiforbund ser ein tydelige tendensar til at denne type arrangement vert lagt til dei sentrale delane av austlandsområdet. Difor er det viktig å syne skiforbundet og det øvrige ski- og idrettsnorge at ein kan avvikle store nasjonale langrennsarrangement i Sunnfjord, Sogn og Fjordane og Vestland.

Førre gang det var eit nasjonalt langrennsarrangement i Sunnfjord var Scandinavisk Cup i 1994 på Langeland. Arrangementet gjekk av stabelen samstundes med OL på Lillehammer.

I samband med arrangementet skal Førde IL Langrenn og Norges Skiforbund legge til rette for «streaming» av konkurransane. Som arrangør må langrennsgruppa leggje til rette for teknisk infrastruktur og lokalitetar for produksjonspersonell.

### **Næringsliv**

Dei fleste av dei innpå 800 personane som kjem til arrangementet er tilreisande og vil måtte ha overnatting i Sunnfjord. Vi har og tru på at Norgescupen vil bidra til å skape aktivitet i Førde med tanke på handelsstanden og overnattingsstadane i Førde og omegn.

### **Avslutning**

Avslutningsvis kan ein legge til at Førde IL Langrenn vart kåra til *Årets Langrennklubb i 2016* og at Langeland Skisenter vart kåra til *Årets Anlegg* i 2017. Begge kåringane vart gjort av Norges Skiforbund.



I 2020 har vi målsetjing om å bli kåra til *Årets arrangør*, men skal vi få til det treng vi m.a. økonomisk støtte frå fylkeskommunen. Vi håpar difor at de ser med velvilje på søknaden, og vi ser fram til å høyre frå dykk.

Med venleg helsing  
Førde IL, NC 2020

Yngve Thorsen (s)  
Leiar org. komiteen

Langeland Skisenter

Kjetil Bjørset (s)  
Styrleiar

Vedlegg:

- Budsjett
- Noter til budsjett
- Kartgrunnlag for nye løyper
- Førebels org. kart
- Arrangøravtale